

B.T med artikkel om sauebonden på Myklebust

04.01.2016



Sauebøndene Ragnhild Tennebekk Bjørke og Olav Hjetland Bringedal i den nye og moderne sauefjøsen på Myklebust

I ein fire siders artikkel i B.T sundag om Bøndene som satsar er Ragnhild Tennebekk Bjørke (25) og Olav Hjetland Bringedal (29) omtala med bilet og intervju. Artikkelen har fokus på bønder som investerer titals millionar på matproduksjon i ei tid då andre legg ned gardsdrifta. Avisa har plukka ut fire gardsbruk på Vestlandet med satsingar innan mjølkeproduksjon, fruktdyrking og kjøttproduksjon.

Sauebonden på Myklebust har investert 2,6 millionar kroner på nytt, moderne sauefjøs. Olav og Ragnhild satsar på produksjon av lam- og sauekjøt med høg kvalitet, mykje fordi ein har tilgang til gode fjellbeite i Blådalen.

Artikkelen omtalar overgangen frå eit eldre sauefjøs til ein god arbeidsplass i eit nytt og moderne anlegg med god dyrevelferd.

Olav Hjetland Bringedal har tru på framtida og fortel at det er viktig å setja seg mål og finna ut korleis ein kan forbetra drifta.

Med eit oppslag som dette i ei regions- og landsavisa som B.T. vert Uskedalen på nytt profilert som ei bygd i sterkt utvikling og vekst. Landbruket med si satsing er ein viktig del av denne utviklinga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Bergens Tidende/Roar Christensen.